



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Klagesak - Lindås - Gnr 180 Bnr 1 - Leivestad - Deling av grunneigedom – Plan- og bygningslova

Lindås kommune gav i vedtak av 02.05.2014 løyve til deling av grunneigedom. Saka gjaldt søknad om å dele fra det gamle bustadhuset på gnr. 180 bnr. 1 med om lag 3,5 dekar tomt. Kommunen har gitt løyve til å dele fra bustadhuset med 1,3 dekar tomt.

Tiltakshavar påkla ga vedtaket ved brev av 27.06.2014. Klagen vart handsama av Lindås kommune v/Plan- og miljøutvalet i møte 03.09.2014, sak 100/14. Klagen vart ikkje teken til følgje. Saka vart deretter sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagehandsaming.

Fylkesmannen i Hordaland gav 23.04.2014 følgjande uttale:

«Fylkesmannen minner om at det er ei nasjonal arealpolitisk målsetting å redusera omdisponering av jordbruksareal. Vi kan ikkje sjå at det er grunngjeve at det er naudsynt med ein bustadparsell på 3,5 dekar. Kommunane har eit viktig ansvar for å ivareta jordressursane, og bør ikkje leggja opp til meir omdisponering av jordbruksareal enn naudsynt. Vi oppmodar difor kommunen om å vurdera reduksjon av storleiken på parsellen.»

Lindås kommune har tatt Fylkesmannen si uttale til seg, og gitt løyve til å dele eigedomen, men med eit mindre areal enn omsøkt. Årsaken til klagen er at arealet er mindre enn omsøkt, og Fylkesmannen i Hordaland er av den oppfatning at uttalen vår difor er *«egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet»*, jfr. Forvaltningslova § 6 andre ledd når det gjeld handsaminga av klagesaken som gjeld plan- og bygningslova.

Fylkesmannen finn etter dette å sende saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann. Vi viser til dei vedlagte saksdokumenta.

Med helsing

Karen Elin Bakke
seniorrådgjevar

Cathrine Tvedt Lorentzen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø
Oddvar Magne Hopsdal Vassbygdvegen 771 5912 SEIM